

nr. 8 - 2014

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular

Stimuli for fantasi og undring

Mystiske univers som er vakkert illustrert og stimulerer til undring og fantasi er noko av det ein kan finne i barnebøker denne hausten. Pirion har samla eit knippe bøker som er vel verdt å lesa for barn i barnehagen, på skulen, på biblioteket og i heimen.



- Kvifor er kulturformidling til barn viktig?

Teater utviklar sosial kompetanse

I eit samfunn prega av prestasjon, perfektjon og måling, blir kulturformidling for born og unge endå meir viktig. Kulturen er ikkje berre ei plattform for å sjå og høyre dei tidlause historiene – (dei som varer uansett kor ustadig verda rundt oss blir) – den gir òg rom for undring, nyskaping og innleving.

Som skodespelar opplever eg korleis historier og framsyningar set igang refleksjon og interessante spørsmål hos borna. Når eg arbeider som teaterinstruktør, er det dessutan givande å sjå kor viktig det er med både deltaking og medbestemming for denne aldersgruppa. Elevane får utfalde seg kreativt, både fysisk og mentalt, og i tillegg til dette, får dei utvikle eigenskapar som sjølvstende og samarbeidsevne, som er sentralt i teaterarbeid.

Teater handlar om ulike sider ved livet, og om samspelet mellom menneske. I tillegg til det reinte kunstnarlege, er difor teater ei kulturform som utviklar sosial kompetanse.

Kultur skapar kreativitet.

Kreativitet er grunnlaget for innovasjon. Politikarar og styrande instansar må passe seg for å ikkje motarbeide eige ynskje om innovasjon, men leggje til rette for at den oppveksande generasjonen blir rusta for skapande prosessar. Born og unge treng mindre måling – og meir utfolding!



Kristine Rui Slettebakken
Skodespelar og lydbokimmlesar
Drama – og norsklærer ved
Jessheim VGS



EG OG PONTUS GÅR I LAND

Av Odd Nordstoga
Illustrert av Rune Markhus
Gyldendal 2014

Dette er oppfølgjaren til biletboka *Eg og Pontus går for gull* som Odd Nordstoga og illustratør Rune Markhus gav ut i fjor. Også i denne boka reiser Eg og Pontus ut på ei fantasirik reise, denne gongen til ein by der det berre er kaos og inga styring. Ingen legg merke til at Eg og Pontus vil underhalde innbyggjarane med musikken sin. Kva kan ein gjere med det?

Historia er skriven med både rim og rytme, noko som gjer at ein nesten kan syngje seg gjennom heile handlinga. Ideen er god og rytmen i språket er taktfast, kanskje fungerer dette rimet endå betre enn det gjorde i den første boka om Eg og Pontus.

Historia om den kaotiske byen der kaptein Snusk styrer skuta er eit lite fyrverkeri av action, dramatiske eventyr og ei klassisk historie der det positive og gode vinn over kaoset. Det er eit tydeleg vendepunkt i historia då Eg og Pontus treff ei lita jente med rustraudt hår som blid og smilande ynskjer dei velkommen til byen. Ho fortel om skulen som berre har frikvarter, banksjefen som ukritisk ausar ut pengar og kyrkjetårnet som heng på skeiva.

Kaptein Snusk likar ikkje at jenta som heiter Stella pratar imot han, og dermed er dramatikken i gang. Kan Eg og Pontus klare å redde både Stella og byen?

Boka passar for born frå tre år og oppover.

Judith Sørhus Littlehamar

EN FISK TIL LUNA

Denne biletboka er både vakker og underfundig. Den skaper eit mystisk univers der overraskingane står i kø. Luna som ikkje får sove, oppdagar noko som svevar i luften. Er det ein ballong? Ein fisk? Ein månefisk?

Denne litt rare historia om Luna og fisken som reiser land og strand før dei endeleg får sjå månen, tar opp einsemd som eit viktig tema. Det er både lengt etter venskap og mykje håp i boka. Fantasien og månefisken blir eit vart og fint bilete på kva venskap eigentleg betyr for oss. Det er truleg noko både dei yngste og dei litt eldre lesarane kjenner seg igjen i.

Det heile handlar om å finne ein stad der ein høyrer til, å kome heim. Mange gonger er den ferda farefull.


Teikningane er store og går i god dialog med dei små tekstlinjene. Det er fint at det somme gonger i boka berre er teikning og ikkje ord, det gir lesaren eit fint pustehol, og ein sjanse til å bruke sin eigen fantasi.

I slutten av boka får me også ei fin oversikt over kva månefisken eigentleg har prata om når Luna ikkje forsto kva han sa. Her er nemleg elleve spanande og ulike namn på månen, på like mange språk. Borna kan smake på desse ulike namna og sjå at fleire faktisk liknar litt.

Judith Sørhus Littlehamar



Av Lisa Aisato
Gyldendal 2014



*Au Lisbeth Dreyer
Illustrert av Per Ragnar
Møkleby
Skald 2014*

KONRAD KRÅKEBOLLE OG ANDRE FJÆREFANTAR

Lurer du nokre gonger på kven som lever på havets botn? Her får du svaret! I denne boka møter me mystiske og eventyrlege figurar som Bella Blåskjel, Rikarda Reke og Gloria Glassmanet.

Boka som fortel om livet i sjøen, er full av små underfundige dikt med rim som på mange måtar minner om regler. Trass i nokre tvangsrim somme stadar, har likevel dikta ein god musikalitet og rytme som gjer dei lette å hugse. Medan Karelius Krabbe naskar litt snadder i garnet, leiar Gloria Glassmanet eit eige lite kor som syng i boblande prakt.

Reglane er eventyrlege og mystiske, i tillegg gir språket mange utfordringar for

både dei yngste og dei litt eldre lesarane. Her kan det bli mange gode spørsmål om vanskelege ord og setningar, kva er til dømes eigentleg ein racerbåtbråkepropell? Undring er eit godt utgangspunkt, både for å finne ut meir om kva det lyriske språket betyr, og ikkje minst kva som finst på havbotnen og i vasskanten.

Illustrasjonane er gode og kreative. Her brukar Rikarda Reke både neglelakk og leppestift, medan Bella Blåskjel har fått seg briller. Det er berre fantasien som set grenser for barna sine historier som kan kome fram undervegs om desse figurane.

Judith Sørhus Litlehamar



MONSTERBRÅK

*Au Áslaug Jónsdóttir, Kalle
Güettler og Rakel Helmsdal
Skald 2014*

Dei tre forfattarane som står bak dei populære monster-bøkene er alle frå ulike land; Helmsdal er frå Færøyane, Güettler er frå Sverige og Jónsdóttir er frå Island. Tove Bakke har gitt bøkene norsk språkdrakt.

Gjennom tidlegare utgåver der monstra har blitt mørkredde, fått monsterpest eller slite med å vise kjenslene sine, har me blitt godt kjende med Veslemonster og Storemonster. Monstra er gode vener, men likevel kan dei bli sinte på kvarandre. I denne boka kranglar dei om kva dei skal leike: medan Veslemonster helst vil hoppe paradis, vil Storemonster heller fiske. Men kva skjer når dei ikkje blir samde? Kva skjer når Veslemonster blir så sint at han slår til Storemonster, bestevennen sin? Kan dei klare å bli venner igjen?

Forfattarane har klart å skape eit eige univers der monstra er bråkete

og litt vanskelege, men alltid god-hjarta. Og bestevenner er dei uansett kva som skjer eller kva dei seier til kvarandre.

Bøkene kan lære oss mykje om venskap og om korleis ein kan løyse konflikter på ein god måte, utan å ty til krangling eller vald.

Teikningane som Jónsdóttir har laga er passe mørke og spanande, men heile tida er det små fargerike element som dukkar opp, til dømes Veslemonster sine knallraude sko. Medan Veslemonster tykkjer Storemonster går rundt i grøne klønesko, meiner Storemonster skoa til Veslemonster er raude babysko. Teikningane til Jónsdóttir seier også mykje om handlinga: når kranglinga er over og monstra er blitt venner igjen, skin sola og ein fargerik regnboge kjem fram i illustrasjonane.

Judith Sørhus Litlehamar



*Au Janne Marit Øye og
Anne Angelshaug
Skald 2014*

SNØHUMLA

Denne boka er vakker. Me møter humla Mille som elsker sommaren, fargane og luktene. Ho fyk mellom blomane, nyt den gode nektaren og ser på sommarfuglane som dansar i lufta. Sommaren er varm, fargerik og god. Men kva skjer når vinteren kjem?

Det blir kaldare i lufta, blada på trea visnar og snart er det snøflak i lufta. Mille prøver å finne ly i ei hule ho aldri har vore i før, der viser det seg at edderkoppa Spindella bur frå før. Spindella blir den gode vennen som reddar Mille frå snø og kulde, ho lagar ei heilt spesiell gåve som gjer at Mille slepp å fryse meir. Gåva er også med på å gi Mille det klingande namnet Snøhumla.

Illustrasjonane som Anne Angelshaug har laga, er store, fargerike og rause. Det er nesten som borna kjenner sommarvarmen, ser korleis sommarfuglane dansar og kjenner korleis Mille fryser når vinteren kjem. Teikningane er realistiske, samstundes som dei har noko eventyraktig og drøymande over seg.

Sjølve historia er sterk og minner oss om kor viktig eit godt og varmt venskap er. Då kan ein til og med klare ein kald vinter! Språket er rikt og skaper saman med illustrasjonane gode og sterke bilete.

Boka passar best for barn mellom tre og seks år.

Judith Sørhus Litlehamar



Mjølkk og melk?

Barn har stor glede av å leike med språk, prøve det ut og vri og vende på det. Variasjon og skilnadar i språklege uttrykk stimulerer til språkleg refleksjon og medvit.



LIV KRISTIN
BJØRLYKKE ØVERENG
RÅDGJEVAR,
NYNORSKSENTERET

og vere ein del av eit rikt og variert språkmiljø der. Språkrettleiinga Språk i barnehagen – mye mer enn bare prat under-

strekar den viktige rolla dei vaksne har som språkmodellar i samtalar med barn. «En dag i barnehagen består av utallige hverdagssituasjoner der barna kan bruke språket aktivt, og et godt språkstimulerende miljø

er preget av at personalet bruker språket i samspill med barna hele dagen. De voksnes innsats er viktig, og de er språkmodeller for barna».

Barn er nysgjerrige på det som er litt annleis, det som merker seg ut. Det er mange ord å reflektere over dersom barna møter dei og dei vaksne reflekterer i lag med barna. Her ligg det mange moglegheiter. Å ha to språk eller dialekter som ein kan samanlikna med, er ein ressurs i denne samanhengen. Samtal med barn i 5-6 årsalderen om språkbruk og språkleg variasjon. Barn har mange erfaringar med språkleg variasjon og har nytte av eit vokabular som uttrykkjer denne variasjonen. Å reflektere rundt språket stimulerer språkleg medvit. Barn si interesse for ord og dialektuttrykk er ei kjelde til gode språksamtalar.

«Ho Britt seier mjølkk, og ho Kari seier melk, men eg, eg seier melk», seier Thea på 5 år. I barnehagen hennar har samtale om språk og ulike talemåtar vore ein naturleg del av barnehagekvardagen. Barn i 5-6 årsalderen viser stor interesse for ord. Dei snakkar om kva ord betyr, og reflekterer over at ord vert sagde på ulike måtar, slik som Thea.

I barnehagen er det ofte eit språkmiljø med vaksne og barn med ulike dialekter og ulike språk. Eit slik mangfaldig språkmiljø gjev eit godt utgangspunkt for å snakke om språk og å gi barna erfaringar med ulike språklege uttrykk på både bokmål og nynorsk. Barn erfarer at ord vert uttalte på ulike måtar og likevel betyr det same.

Møte med eit rikt og mangfaldig språk stimulerer barn si språkutvikling. Språkstimulering er ein av dei viktige oppgåvene til barnehagen, og barna skal møte

for deg som jobbar med barn

facebook/pirion @avisapirion

www.pirion.no

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?



Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no